

# Protokoll - Årsmøte 2019

## Møre og Romsdal folkemusikklag

**Dato/tid:** 24. mars 2019 kl 10.00-12.00

**Stad:** Valldal skule

---

### Sakliste:

1. **Registrering av deltakarar med stemmerett**
2. **Godkjenning av innkalling og sakliste**
3. **Velje møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen**
4. **Godkjenning av årsmelding**
5. **Godkjenning av årsrekneskap**
6. **Godkjenning av budsjett og handlingsplan**
7. **Fastsetjing av lags- og medlemskontingent**
8. **Saker frå styret og medlemmane**
9. **Val av styre, revisor og valkomite**

#### 1. Registrering av deltakarar med stemmerett

Antal utsendingar (med stemmerett) per medlemslag:

- Nordmøre Spelmannslag: 2
- Romsdal Spelemannslag: 2
- Rauma Spelmannslag: 4
- Spelemannslaget Dâm og Drag: 2
- Grendalaget: 2
- UL Ivar Aasen: 2
- Spelemannslaget Havella: 0
- Valldal Spelemannslag: 2
- Tressalaget: 0
- Ålesund spelemannslag: 0
- Styret: 1
- 

Totalt antal deltakarar med stemmerett: 17

Antal observatørar utan stemmerett: 2

#### 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste

#### 3. Velje møteleiar, referent og to til å skrive under møteboka saman med møteleiaren.

**Vedtak:**

Møteleiar: Hanne Salthammer

Referent: Solfrid Bjørke Gjuvsland

Protokollunderskrivarar (to stk): Daniel Dyrnes, Bodil Tessem

#### **4. Godkjenning av årsmelding og rekneskap**

Vedlegg: *Årsmelding for 2018 MRFL*

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner årsmeldinga

#### **5. Godkjenning av årsrekneskap**

Vedlegg:

- *Revidert rekneskap for 2018 MRFL*
- *Revisormelding frå revisorfirma Hovden og Vatne AS.*

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner rekneskapen

#### **6. Budsjett og handlingsplan**

Vedlegg: *Framlegg til budsjett for 2019 MRFL*

**Vedtak:** Årsmøtet tek framlegg til budsjett til vitande

Vedlegg: *Handlingsplan 2019 MRFL*

**Vedtak:** Årsmøtet tek framlegg til handlingsplan til vitande

#### **7. Fastsetjing lags- og medlemskontingent**

Møre og Romsdal folkemusikklag er områdelag for alle lokallag som er medlem av FolkOrg i Møre og Romsdal. Laget opererer både med lags- og medlemskontingent.

- Lagskontingenten var i 2018 kr 600 per lag per år. Lagskontingent blir kravd inn av styret.
- Medlemskontingenten for vaksne medlemmar har vore kr 60 for vaksne medlemmar og kr 30 for born for 2018. Medlemskontingenten blir kravd inn av FolkOrg og refundert fylkeslaget i etterkant. Kontingentkrav for 2019 er allereie utsendt av FolkOrg med takstane frå i fjor. Årsmøtet må difor ta stilling til kontingent for 2020.

Styret føresler at lags- og medlemskontingent forblir uendra for 2020

**Vedtak:** Årsmøtet vedtek at lags- og medlemskontingent forblir uendra for 2020

#### **8. Saker frå styret og medlemmane**

Ingen innkomne saker

#### **9. Val av styre, revisor og valkomite**

§5 – Val - «Styret er samansett av ein leiar og fire faste medlemmer med varamedlemmer. 1. varamedlem vert alltid innkalla til styremøte. Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år, slik av minst to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år to varamedlemmer til styret, og to revisorar\*. Det skal også veljast ei valnemnd på to personar, for eitt år, der ein vert vald som leiar. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret vel sjølv seg imellom nestleiar, skrivar og kasserar.»

\* *Val av revisor fell vekk då Møre og Romsdal fylkeskommune stiller krav om autorisert revisor ved pengeløyver på over kr 50.000. MRFL mottek kr 100000 frå fylkeskommunen i 2018.*

Valkomite har vore Nina Byttingsmyr og Thea Marie Ytterdal.

*Vedlegg: Valkomiteen si innstilling*

**Vedtak:**

**Leiar:** Hanne Salthammer (for eitt år)

**Styremedlem:**

Bodil Tessem (ikkje på val)

Kine Iselilja Gyldenskog (ikkje på val)

Thea Marie Ytterdal (vald for to år)

Solfrid Bjørke Gjuvslund (vald for to år)

**Vara:** Anna Gjendem (vald for eitt år)

Marius Berglund (vald for eitt år)

**Valkomite for eitt år:** Leikny Aasen, Hans Erik Wold

Protokoll godkjent dato: 24.03.2019

Signatur:

*Bodil Tessem*

*Solfrid Bjørke Gjuvslund*

Signatur:

*Daniel Dyrnes*

# Årsmelding 2018

## Møre og Romsdal Folkemusikklag

---

### 1. Om Møre og Romsdal Folkemusikklag

#### «§ 1. Føremål

Møre og Romsdal Folkemusikklag skal arbeide for å fremje interessa for folkemusikk og folkedans. Laget skal dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, vokal folkemusikk og dans.

#### § 2. Lagsoppgåver

Fylkeslaget skal:

- Samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen,
- leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga
- medverke til å skippe nye lag - drive opplærings- og kursverksemd
- i samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter
- syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år
- drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivets verksemd»

### 2. Medlemsskap

I følge vedtektene er alle spelemannslaga i fylket som er med i FolkOrg også medlemmar av fylkeslaget. Landsmøtet til FolkOrg bekrefte dette gjennom vedtak i 2017.

#### Medlemslag (FolkOrg/MRFL)

- Nordmøre Spelmannslag
- Romsdal Spelemannslag
- Rauma Spelmannslag
- Spelemannslaget Dâm og Drag
- Grendalaget
- Spelemannslaget i Ungdomslaget Ivar Aasen
- Spelemannslaget Havella
- Valldal Spelemannslag
- Tressalaget
- Ålesund spelemannslag

Samla antal medlemmar i Møre og Romsdal Folkemusikklag per 31.12.2018 var 192.

#### Kontingent

Fylkeslaget har både lags- og personmedlemmar.

Lagskontingenten i 2018 har vore kr 600.

Medlemsskap vaksen kr 60 og medlemsskap born kr 30. Personkontingenten blir kravd inn av FolkOrg og refundert til område- og lokallaga.

### **3. Organisasjon**

#### **Styret**

Leiar:	Hanne Moldver Salthammer – Sp. Dâm og Drag
Nestleiar:	Kine Iselilja Gyldenskog – Nordmøre Spelmannslag
Styremedlem:	Ola Vestavik - Spelemannslaget Havella Leikny Aasen - Ungdomslaget Ivar Aasen Bodil Tessem - Grendalaget
Vara:	Anna Liv Skjelten Gjendem - Sp. Dâm og Drag Solveig Østmo - Grendalaget

Hanne Salthammer har vore laget sin skrivar og kasserar.

Leikny Aasen har vore rekneskapsførar.

Revisor: På grunn av krav om statsautorisert revisor har styret nytta firmaet Hovden & Vatne AS i Ørsta.

Styret har hatt tre møter og behandla 16 saker i 2018. Det var ingen møter hausten 2018, men leiar sendte ei orientering til styret før jul.

#### **Årsmøtet**

Årsmøtet vart halde i samband med fylkeskappleiken i Rauma, 8. april 2018. 7 medlemslag var representert i tillegg til styret. Valkomite vald av årsmøtet har vore Nina Byttingsmyr og Thea Marie Ytterdal

### **4. Samarbeid med folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal**

#### **Styret**

Hanne Salthammer har vore folkemusikklaget sin styrerepresentant i Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal i 2018. Ho har delteke på to styremøter for Folkemusikkarkivet og to møter vedr. overføringa av Folkemusikkarkivet til Stiftinga Sunnmøre Museum.

#### **Sekretærstilling / Kjøp av tenester**

Styret har sidan 2016 kjøpt av tenester frå Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal (FAMR). Ordninga er stadfesta via ei rammeavtale som signerast årleg. Oppgåvene som skal utførast er beskrive i styret sitt årshjul. Det er FAMR sin tilsette ressurs, Anna Gjendem som har utført arbeid på oppdrag av laget.

#### **Fusjon**

Folkemusikklaget har vore ein av fem stiftarar til Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal. FAMR vart vedteke fusjonert med Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) i 2018. Fusjonsprosessen har tatt lang tid, men prosessen er truleg i havn i løpet av 2019.

#### **Folkemusikar-/folkedansarstillingar**

Med midlar frå fylkeskulturavdelinga tilsette FAMR to folkemusikarar i 40% stilling sommaren 2018. Den utlyste folkedansarstillinga vart ikkje besatt grunna mangel på søkarar og arkivet valde å ansette to musikarar i staden. Thea Marie Ytterdal på fele og eldre folkemusikkinstrument, og Marius Berglund på trekkspel/torader. Desse to har eit to års engasjement.

### **Samarbeidsmøte med ungdomslaga**

FAMR inviterte til to samarbeidsmøter mellom folkemusikklaget og ungdomslaga (NUMØR). Hensikta med møta er å betre kommunikasjonen mellom spel- og danselag. På møta blir det m.a. informert om laga sine planer for arrangement og ein planlegg ulike samarbeidsprosjekt.

### **Raudan Gull**

Våren 2018 søkte FAMR om midlar til ei serie på fire ungdomsprosjekt som vart kalla «Raudan Gull». «Raudan Gull» er ei vidareføring av eit prosjekt starta av Jorun Marie Kvernberg i 2016. Første ungdomssamling resulterte i festkonserten på fylkeskappleiken i Fosnavåg i 2017. Andre prosjekt vart ein konsert under Klangfestivalen i Fræna i 2018. Prosjekt nr tre vart gjennomført med helgesamling i november 2018 og konsert i Ørsta i januar 2019. Det fjerde prosjektet er planlagt med helgesamling og konsert i Stordal i januar 2020.

Prosjektet fekk midlar frå fleire aktørar, mellom anna Dextra Musica/FolkOrg og MR Fylkeskommune, MRFL og NUMØR. Prosjektet er også eit praksisk samarbeidsprosjekt mellom organisasjonane i Møre og Romsdal.



Foto: Deltakarane på «Raudan Gull»-samling nr 3, Hornindal 2.-3. november 2018

### **Arrangørmøte - Fylkeskappleiken**

Møte med arrangør av fylkeskappleiken i Valldal i august 2018. Hanne og Anna deltok på vegne av MRFL. Thea Marie Ytterdal tok på seg hovudansvaret med kappleiken og har hatt tett dialog med Anna heile vegen.

### **Internett**

Facebooksida «Folkemusikk i Møre og Romsdal» driftast av FAMR i samarbeid med MRFL. På sida samler ein informasjon om ulike arrangement og relevant informasjon som dei over 700 følgjarane får med seg.

MRFL har også eigne heimesider som blir drifta av styret i samarbeid med FAMR

## **5. Samarbeid med FolkOrg**

## Landsmøte FolkOrg

Dette arrangeres kun annakvart år, ikkje arrangert i 2018.

## Områdelagsmøte

FolkOrg inviterte til fagdag for områdelaga i samband med FolkLarm 2018. Leikny deltok ma. på seminar om dansearrangement.

## 6. Arrangement

### Kurs i Balkanmusikk

MRFL fikk hausten 2017 forespurnad av Arnt Inge Sæter i Molde om å vere medarrangør for eit kurs i Balkanmusikk med trekkspelaren Jovan Pavlovic, busett i Trondheim. Temaet for kurset skulle knytte balkansk og norsk folkemusikk saman. Tittel på kurset var «Balkanmusikk – på jakt etter norske røter». Styret gikk med på dette og kurset vart arrangert 24.-25. januar 2018 på Molde kulturskule. Mange av folkemusikklaget sine medlemmar var mellom dei 15 som deltok og stemninga var stor for å ha eit oppfølgingskurs til hausten. Ved neste styrebehandling bestemte styret derimot å ikkje vidareføre samarbeidet då det viste seg vanskeleg å oppnå støtte frå eksterna aktørar til kursa. Det første kurset vart sponsa av MRFL med om lag kr 10.000,-. Eit oppfølgingskurs vart arrangert privat av Arnt Inge i Molde i november 2018, men dette kurset hadde færre deltakarar enn første kurs.



Foto: Deltakarar på kurset «Balkanmusikk – På jakt etter norske røter». Jovan Pavlovic nummer fire framme frå venstre.

### Fylkeskappleik

Fylkeskappleiken vart arrangert av Rauma spelmannslag helga 7.-8. april på Rauma kulturhus. Arrangementet varte over to dagar og det deltok omlag 170 aktørar. Rauma kulturhus er godt eigna til dette arrangementet med samanbygd hotell og kulturhus. Arrangøren samarbeida med Rauma leikarring om arrangementet og begge aktørar satt igjen med overskot, takka vere god prosjektstyring. Vel blåst av Rauma spelmannslag!



Foto: Alle dei unge deltakarane vart heidra på scenen under premieutdelinga

### Tradisjonskurs

MRFL inviterte til Tradisjonskurs på Hordindal skule laurdag 3. november. Det var planlagt kurs i både spel, dans og vokal men påmeldinga tildesse kursa var svært lav. Mange potensielle deltakar deltok på ungdomssamlinga «Raudan Gull» som vart arrangert samtidig, same stad. At kurset på kort varsel måtte flytte frå Volda til Hornindal gjorde sikkert også sitt til at påmeldinga vart laber. Følgande 5-timerskurs vart derimot gjennomført:

Fele vidaregåande – Erlend Viken (6 deltakarar)

Fele nybegynnarar – Jan Beitohaugen Granlien (12 deltakarar)



Foto: Kurs i fele nybegynnar med Jan Beitohaugen Granlien 3. november. Deltakarar får Sp. Havella.

### Sjokoladekapleik

Sjokoladekapleiken for 2018 vart gjennomført søndag 4. november Mork grendahus i Volda. Det var Ørsta- og Volda folkedanslag som stod som arrangør, men Anna



Gjendem frå FAMR som gjorde det meste av arbeidet. Arrangementet vart vellukka og om lag 50 ungar deltok.



Foto: Deltakarar på Sjokoladekappleiken på Mork Grendahus 4. november

## 7. Vandrepremiar

### Vinnarar av vandrepremiar

MRFL har etablert vandrepremiar for høgste poengsum innan dans, spel og vokal. Vandrepremien blir given vinnaren til odel og eige ved tredje napp i premien.

Følgande personar har napp i vandrepremien for:

- *Dans – Oval tretine* (etablert 2015 – utgått 2018)  
2018: Anna Gjendem\* og Heidi Iren Wedlog Olsen (\*Vinnar av premien)  
2017: Anna Gjendem og Nina Byttingsmyr  
2016: Leikny Aasen og Vidar Underseth  
2015: Anna Gjendem og Svein O. Smogeli/Leikny Aasen og Vidar Underseth
- *Spel – Maleri av Liv Kitch* (etablert 2018)  
2018: Britt Elise Skram (Vinnar av premien)
- *Vokal – Rund tretine* (etablert 2016)  
2018: Gro Kjelleberg Solli  
2017: Ikkje utdelt  
2016: Unni Boksasp

## 8. Utdelt økonomisk stønad

Styret i Møre og Romsdal folkemusikklag har gjeve økonomisk stønad i samband med følgande aktivitetar i 2018:

- Arrangørstønad Fylkeskappleik: Kr 10000,- til Rauma Spelmannslag
- Arrangørstønad Sjokoladdekappleik: Kr 10000,- til Ørsta- og Volda Folkedanslag.
- Publikasjonsstønad - Særsvip kr 3000,-
- Raudan Gull – kr 10.000,-

## **9. Tildelt økonomisk stønad**

MRFL har i 2018 fått økonomisk stønad frå følgande aktørar:

- Møre og Romsdal fylkeskommune - Treårig driftstilskot på kr 100.000 per år for åra 2016, 2017 og 2018.
- Gåvemidlar frå Sparebanken Møre: kr 5000,- til Tradisjonskurs 2018.
- RFF: Kr 13.000 i prosjektmidlar for Tradisjonskurs 2018. Desse midlane vart ikkje utbetalt i 2018.
- KOMP: Kr 8000 i prosjektmidlar til Tradisjonskurs 2018. Desse midlane vart ikkje utbetalt i 2018.

Styret fekk i mars 2019 innvilga framleis driftsstønad på kr 100.000 per år frå MR fylkeskommune for åra 2019, 2020 og 2021. Styret stadfester difor at framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av årsmelding og årsrekneskapen for 2018.

ÅRSREKNESKAP FOR 2018

**Møre og Romsdal Folkemusikklag**  
6011 Ålesund

# Resultatrekneskap - spesifikasjon

## Møre og Romsdal Folkemusikklag

	2018	2017
<b>Tilskot</b>		
3130 Tilskot M&R	-100 000	-100 000
	<u>-100 000</u>	<u>-100 000</u>
<b>Kontingentar og andre inntekter</b>		
3000 Kontigent medlemslag	-6 000	-4 200
3001 Kontigent medlemslag forrige år	0	-1 200
3002 Kontigentrefusjon frå FolkOrg	-10 320	-8 700
3190 Andre tilskudd	-5 000	0
3491 Kursavgift tradisjonskurs	-5 600	-14 590
3492 Kursavgift Balkanmusikk	-6 500	0
3900 Andre driftsinnt	-9 133	-5 315
	<u>-42 553</u>	<u>-34 005</u>
<b>Annan driftskostnad</b>		
5100 Lærarlønn, skattefri	25 936	28 000
6300 Leie av lokaler	4 270	0
6700 Revisjonshonorar	8 625	8 625
6705 Regnskapskostnad	2 250	2 250
6720 Konsulenthonorarer	36 375	37 125
6941 Porto	194	0
7160 Diett, ikke oppgave pliktig	0	3 440
7170 Reiseutlegg	7 053	9 883
7171 Andre kurskostnader	7 893	10 281
7320 Reklame/annonser	200	158
7321 Heimeside	1 875	2 185
7322 Tilskot Folkepedia	0	30 000
7323 Tilskot deltaking på Mokurset	0	8 000
7420 Tilskot kappleiker	20 000	20 000
7421 Gaver	1 724	8 727
7490 Andre tilskot	13 000	0
7500 Forsikringspremier	0	495
7600 Møtelkostnader	1 799	2 543
7770 Bankomkostninger	162	197
7790 Div kostnader	12 322	3 100
	<u>143 677</u>	<u>175 010</u>
<b>Anna renteinntekt</b>		
8050 Renteinntekter	-51	-72
	<u>-51</u>	<u>-72</u>
<b>Annan rentekostnad</b>		
8150 Rentekostnader	47	0
	<u>47</u>	<u>0</u>

## Resultatrekneskap - spesifikasjon

### Møre og Romsdal Folkemusikklag

	2018	2017
Avsett til annen egenkapital		
8960 Avsatt til annen egenkapital	-1 120	-40 932
	<u>-1 120</u>	<u>-40 932</u>

## Balanse - spesifikasjon

### Møre og Romsdal Folkemusikklag

	2018	2017
<b>Instrument</b>		
1210 Instrumenter	<u>3</u>	<u>3</u>
	<b>3</b>	<b>3</b>
<b>Kundekrav</b>		
1500 Kundefordringer	<u>1 800</u>	<u>0</u>
	<b>1 800</b>	<b>0</b>
<b>Bankinnskott, kontantar og liknande</b>		
1920 Bank	<u>78 162</u>	<u>67 958</u>
	<b>78 162</b>	<b>67 958</b>
<b>Annan egenkapital</b>		
2050 Annen egenkapital	<u>-66 465</u>	<u>-67 586</u>
	<b>-66 465</b>	<b>-67 586</b>
<b>Leverandørgjeld</b>		
2400 Leverandørgjeld	<u>-13 500</u>	<u>-375</u>
	<b>-13 500</b>	<b>-375</b>

# Resultatrekneskap

## Møre og Romsdal Folkemusikklag

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>
Tilskot	3	100 000	100 000
Kontingentar og andre inntekter		42 553	34 005
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>142 553</b>	<b>134 005</b>
Annan driftskostnad	1	143 677	175 010
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>143 677</b>	<b>175 010</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-1 124</b>	<b>-41 005</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		51	72
Annan rentekostnad		47	0
<b>Resultat av finanspostar</b>		<b>4</b>	<b>72</b>
Oridnært resultat før skattekostnad		-1 120	-40 932
<b>Ordinært resultat</b>		<b>-1 120</b>	<b>-40 932</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-1 120</b>	<b>-40 932</b>
<b>Overføring</b>			
Avsett til annan egenkapital		-1 120	-40 932
<b>Sum overføringer</b>		<b>-1 120</b>	<b>-40 932</b>

# Balanse

## Møre og Romsdal Folkemusikklag

Eigedelar	Note	2018	2017
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle eigedeler</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Instrument	2	<u>3</u>	<u>3</u>
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>3</b>	<b>3</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<u><b>3</b></u>	<u><b>3</b></u>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Krav</b>			
Kundekrav		<u>1 800</u>	<u>0</u>
<b>Sum krav</b>		<b>1 800</b>	<b>0</b>
<b>Investeringar</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande		78 162	67 958
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<u><b>79 962</b></u>	<u><b>67 958</b></u>
<b>Sum eigedelar</b>		<u><b>79 965</b></u>	<u><b>67 961</b></u>



## Balanse

### Møre og Romsdal Folkemusikklag

Eigenkapital og gjeld	Note	2018	2017
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		66 465	67 586
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<u>66 465</u>	<u>67 586</u>
<b>Sum eigenkapital</b>		<u>66 465</u>	<u>67 586</u>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetjing til plikter</b>			
<b>Øvrig langsiktig gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		13 500	375
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<u>13 500</u>	<u>375</u>
<b>Sum gjeld</b>		<u>13 500</u>	<u>375</u>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<u>79 965</u>	<u>67 961</u>

Ålesund \_\_\_ / \_\_\_ 2019  
Styret i Møre og Romsdal Folkemusikklag



Hanne Moldver Salthammer  
Styreleiar

Leikny Aasen  
Styremedlem

Ola Michael Vestavik  
Styremedlem

Kine Iselilja Gyldenskog  
Nestleiar

Bodil Tessem  
Styremedlem

# Møre og Romsdal Folkemusikklag

## Notar til årsrekneskapen 2018

### Note 0 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

#### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal attendebetalt innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig lån vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

#### Inntekter

Inntekter vert bokført etterkvart som dei er opptjente.

### Note 1 Lønskostnad, talet på årsverk/tilsette, godtgjeringar o.l.

Det er ingen tilsette i Møre og Romsdal Folkemusikklag, og det er heller ikkje utbetalt honorar til medlemmer av styret

#### Revisor

Det er bokført kostnader kr 6.900 eks mva til revisjon i 2018.

### Note 2 Avskrivningar

Instrument er avskrive til kr 3 tidlegare år.

### Note 3 Tilskot

Følgande tilskot er motteke i 2018:

Møre og Romsdal fylkeskommune	100 000
	<hr/>
	100 000

## Til Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS

### UTTALE FRÅ LEIINGA

Dette brevet vert sendt i samband med Dykkar revisjon av rekneskapen for **Møre og Romsdal Folkemusikklag** for året som vart avslutta den **31. desember 2018**. Føremålet er å kunne konkludere om rekneskapen i all hovudsak gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Vi stadfester etter beste evne og overtyding følgjande:

#### Rekneskapen

- Vi har oppfylt ansvaret vårt for å sørge for at eininga sin rekneskap og formuesforvaltning er gjenstand for forsvarleg kontroll, medrekna slik internkontroll som vi finn nødvendig for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, som følgje av mislegheiter eller feil.
- Vi har vidare oppfylt ansvaret vårt for utarbeidinga av rekneskapen, og meiner at rekneskapen gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.
- Viktige føresetnader, som er nytta av oss ved utarbeidinga av rekneskapsestimat, medrekna rekneskapsestimat målt til verkeleg verdi, er rimelege.
- Vi har teke tilstrekkeleg omsyn til og opplyst om tilhøve til nærståande partar og transaksjonar med desse i samhøve med krava i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.
- Alle hendingar etter datoen for rekneskapen og tilhøve som fører til korrigering eller omtale, er korrigererte eller omtala.
- Vi meiner at verknaden av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapen sett som heilskap. Ei liste over ikkje-korrigert feilinformasjon følgjer som vedlegg (dersom slik feilinformasjon er kjend for underteikna).
- Vi meiner at det er rett å legge føresetnaden om fortsatt drift til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapen.

#### Opplysningar som er gitt

- Vi har gitt revisor:
  - ✓ tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til og som er relevante for utarbeidinga av rekneskapen, som rekneskapsregistreringar, dokumentasjon og andre saker,
  - ✓ tilleggsopplysningar, som revisor har spurt oss om for revisjonsføremål og
  - ✓ uavgrensa tilgang til personar i eininga, som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis frå.
- Alle transaksjonar er registrerte i rekneskapspostar og reflekterte i rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om resultatata av vår vurdering av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følgje av mislegheiter.
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om eventuelle mislegheiter eller mistankar om mislegheiter, som vi er kjende med og som kan ha hatt innverknad på eininga, og som involverer:
  - ✓ leiinga,
  - ✓ tilsette, som har ei viktig rolle i internkontroll, eller
  - ✓ andre der mislegheiter kunne hatt ein vesentleg innverknad på rekneskapen.
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om eventuelle påstandar om mislegheiter eller mistanke om mislegheiter som kan ha hatt innverknad på eininga sin rekneskap og som er formidla av tilsette, tidlegare tilsette, analytikarar, tilsynsmynde eller andre.
- Vi har gitt revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av brot på eller mistanke om brot på lover og forskrifter, som kan ha innverknad på utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om identiteten til eininga sine nærståande partar og alle tilhøve til nærståande partar og transaksjonar med desse, som vi er kjende med.
- Vi har, slik det krevst, rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både aktuelle og latente, og har i notane til rekneskapen gitt opplysningar om alle garantiar, som er gitt til tredjepartar.
- Eininga har tilfredsstillande heimel til alle egedelar, og det er ingen pantsetjingar av eller hefte på eininga sine egedelar, med unntak av dei som går fram av notane til rekneskapen.
- 

Stad: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_

Dagleg leiar/adm. dir.	Rekneskapsfører/øk.sjef	Styreleiar

## BUDSJETT 2019

	Res-2016	Res-2017	Res -2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
<b>SALGS- OG DRIFTSINNEKT</b>						
3000 Kontingent medlemslag	-4 800,00	-4 200,00	-6 000,00	-6 000,00	-6 000,00	-6 000,00
3001 Kontingent medlemslag forrige		-1 200,00				
3002 Kontingentrefusjon frå FolkOrg	-9 690,00	-8 700,00	-10 320,00	-8 000,00	-8 000,00	-8 000,00
3111 Tilskot Rff - prosjektmidler	-20 000,00	0,00	0,00	-12 000,00	-12 000,00	-12 000,00
3113 Tilskot KOMP Norsk Musikkråd	-18 000,00	0,00	0,00	-8 000,00	-10 000,00	-10 000,00
3130 Tilskot frå Møre og Romsdal Fy	-112 000,00	-100 000,00	-100 000,00	-100 000,00	-100 000,00	-100 000,00
3491 Kursavgift Tradisjonskurs	-6 100,00	-14 590,00	-12 100,00	-20 000,00	-20 000,00	-20 000,00
3500 Sponsorinntekter		0,00	-5 000,00	-20 000,00	-20 000,00	-20 000,00
3900 MOMSKOMPENSASJON	-937,00	-5 315,00	-9 133,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNEKT</b>	<b>-171 527,00</b>	<b>-134 005,00</b>	<b>-142 553,00</b>	<b>-184 000,00</b>	<b>-186 000,00</b>	<b>-186 000,00</b>
<b>LØNNSKOSTNAD</b>						
5100 Lærarlønn skattefri	23 000,00	28 000,00	25 936,00	30 000,00	30 000,00	30 000,00
<b>SUM LØNNSKOSTNAD</b>	<b>23 000,00</b>	<b>28 000,00</b>	<b>25 936,00</b>	<b>30 000,00</b>	<b>30 000,00</b>	<b>30 000,00</b>
<b>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>						
6300 Lokalleie	3 089,00	0,00	4 270,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
6700 Rekneskapskostnad	1 792,90	2 250,00	2 250,00	2 500,00	2 500,00	2 500,00
6720 Honorar FOLKEMUSIKKARKIVET	12 000,00	37 125,00	36 375,00	50 000,00	50 000,00	50 000,00
6790 Annen fremmed tjeneste, revisj		8 625,00	8 625,00	9 000,00	9 000,00	9 000,00
6800 Kontorrekvisita	477,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
6941 Porto	110,00	0,00	194,00	300,00	500,00	500,00
7160 Diettkostnader, ikke oppgavepl		3 440,00	0,00	0,00	6 000,00	6 000,00
7170 Reiseutlegg	15 781,80	9 882,80	7 053,00	13 000,00	14 000,00	14 000,00
7171 Andre kurskostnad	10 501,51	10 281,37	7 893,00	10 000,00	5 000,00	5 000,00
7320 Annonser		158,00	200,00	1 000,00	1 000,00	1 000,00
7321 Heimeside www.folkemusikklag.n	2 115,00	2 185,00	1 875,00	3 000,00	3 000,00	3 000,00
7322 Tilskot Folkepedia (tid."Favor		30 000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7323 Tilskot deltaking på Mokurset		8 000,00	0,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
7420 Tilskot til kappleikar	30 000,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00	20 000,00
Tilskot Raudan Gull	0,00	0,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00	0,00
Tilskot - tiltak i lokallag			0,00	0,00	0,00	0,00
7421 Gaver (inkl. tilskot publikasjonar)	2 689,00	8 727,29	4 723,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
7500 Forsikringspremier	470,00	495,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7600 Møtekostnader	2 265,00	2 543,00	1 799,00	4 000,00	2 000,00	4 000,00
7770 Bank- og kortgebyr		197,25	162,00	500,00	1 000,00	3 000,00
7790 Diverse kostnader		3 100,00	12 322,00	5 700,00	7 000,00	13 000,00
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>81 291,21</b>	<b>147 009,71</b>	<b>117 741,00</b>	<b>154 000,00</b>	<b>156 000,00</b>	<b>156 000,00</b>
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>104 291,21</b>	<b>175 009,71</b>	<b>143 677,00</b>	<b>184 000,00</b>	<b>186 000,00</b>	<b>186 000,00</b>
<b>RESULTAT</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

# Handlingsplan - Årsmøte 2019

## Møre og Romsdal folkemusikklag

<b>Målsetting</b> (frå vedtektene)	<b>Aktivitetar 2019:</b>
<i>Samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen,</i>	Styret deltek på samarbeidsmøter med Folkemusikkarkivet (FAMR) og Ungdomslaga Halde fram samarbeidet med Folkemusikkarkivet i høve kjøp av arbeidstimar MRFL støtter og promoterer prosjektet "Folkepedia" (2018-2020, Noregs UL) MRFL støtter og samarbeider om ungdomsprosjektet "Raudan Gull" (2018-2020) (FAMR)
<i>Leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga</i>	Medlemslaga får tilbud om kjøp av instruksjonstenester gjennom Folkemusikkarkivet MRFL tilbyr hjelp til arrangør av Sjokolade- og Fylkeskappleik (finne dommarar/administrere påmelding etc.) Vere bindeledd mellom lokallaga og FolkOrg
<i>Medverke til å skipe nye lag Drive opplærings- og kursverksemd</i>	Arrangere Tradisjonskurs i samarbeid med Folkemusikkarkivet for MR Tilby økonomisk stønad til deltakarar på dommarkurs i regi av FolkOrg Tilby økonomisk stønad til deltakarar på sommarkurs (td. Mokurs) Samarbeide med FAMR om evt. skiping av nye lag Samarbeide med FAMR om oppfølging av eksisterande lag Samarbeide med FolkOrg om oppfølging av eksisterande lag Freiste rekrutterere fleire medlemmar til FolkOrg (kappleiksdeltakarar etc.)
<i>I samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter</i>	Halde fram med tett dialog med fylkeskulturavdelinga Delta på møter og konferanser i regi av MRFK Rapportere drift til fylkeskulturavdelinga – føresetnad for 3-årig driftstilskot MRFL fordeler kappleikstilskot på vegne av MRFK Delta på Landsmøtet til FolkOrg Delta på områdelagsmøter i regi av FolkOrg MRFL søker gåve- og prosjektmidlar hos andre aktørar (sparebank, forsikring, RFF, KOMP) MRFL er med og slutfører prosessen med Folkemusikkarkivet og Stiftinga Sunnmøre Museum
<i>Syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år</i>	Arrangere Sjokoladekappleik kvart år saman med lokal arrangør Arrangere Fylkeskappleik kvart år saman med lokal arrangør
<i>Drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivets verksemd</i>	MRFL har oppretta ein budsjettpost på kr 10.000 for stønad til publikasjonar og utgivingar Støtte FAMR i arbeidet med digitalisering av Folkemusikk Bladet Støtte innsamlingsarbeid og publikasjonar i regi av FAMR